Ut frå føresetnad om at døgntrafikken blir større enn 1500 bilar når bompengerperioden er slutt, er største tillate stigning for ein tofelts tunnel 7% og for ein 3-felts 8%. Lågaste punktet i tunnelen blir ca. 300 m under havoverflata.


Med ein kilometerpris på 40 mill. kroner for 2-felts og 50 mill for 3-felts vil tunnelen òleine koste i storleiksorden:  
2-felts (7%) 9000 m à kr 40 000,- = 360 mill. kr  
3-felts (8%) 8000 m à kr 50 000,- = 400 mill. kr

Når tilførselsveggar og bru over Eiksundet kjem til, ligg prosjektkostnaden i området 420 til 460 mill. kr.

Ved ei bompengerordning kan trafikantane berre finansiere ein del av denne kostnaden.

Før det eventuelt kan bli plass til 300 mill. kr i riksvegbudsjettet må ferjene gå. Eiksund ferjekai er brukbar medan Rjånes må byggjast ny. Her ligg det til rette for ei innkorting på ca. 400 m, noko som kan føre til ei lågare takst-sone og kanskje ferjeavgang kvar 1/2-time. Det er verdt å prøve.

*Anders S. Moen*



# GJEMNESSUNDBRUA - BYGGETRINN II

**Byggetrinn 2 omfatter produksjon og montering av avstivningsbærere og montering av kabler. Arbeidet utføres av arbeidsfellesskapet AF Sterkoder-Linjebygg som er et samarbeide mellom bedriftene Sterkoder A/S, Kristiansund og A/S Linjebygg, Molde.**



Arbeidsoppgavene har de to partene i arbeidsfellesskapet delt imellom seg slik at Sterkoder A/S har produksjon og montering av avstivningsbæreren mens A/S Linjebygg utfører montering, justering av bærekabler, hengestangsfester, hengestenger og svingningsdemper.

Stålkassen sveises sammen i seksjoner på Sterkodors anlegg på Averøy. Som underentreprenør på overflatebehandling både på stålkassen og kablene bruker hovedentreprenøren Grip Maling og Offshore A/S. Oppløfting og montering av stålkassen blir utført av det svenske firmaet Pindaros, mens Trondhjem Bukser AS fra Trondheim har transport av seksjonene fra Averøy og til brustedet med lekter og slepebåt. Heinsa Mek. Verksted AS har laget hengestangsfestene. Kristiansund Elektro AS utfører el. installasjon i brukassen.

Bærekablene og kabelen til hengestengene er levert av byggherren. Kablene er produsert av det franske firmaet Trefilunion. I alt er det 28 stk. bærekabler og 6 stk. stagkabler. Hver bærekabel har en vekt på 40 tonn og er rundt 1030 m lange. Alfred Andersen AS i Larvik har levert og støpt på kabelhoder på 100 stk. hengestenger.

Monteringen av bærekablene startet i juli 1991 etter at A/S Linjebygg først hadde montert catwalkene (en midlertidig gangbane mellom tårntoppene). Trekking av bærekablene gikk noe smått til å begynne med, men etter hvert som Linjebygg fikk taket på det greidde de å ta inn forsinkelsen som de fikk i oppstarten slik at alle kabler, hengestangsfester og 36 stk. hengestenger var montert før jul som planlagt. Maling av kablene kan først oppstartes når hele avstivningsbæreren er montert.

Avstivningsbæreren består av lukket stålkasse som er sveiset sammen i 19 stk. monteringsseksjoner, 3 stk. på 12 m og 16 stk. på 36 m som veier henholdsvis 50 og 150 tonn. Platene i stålkassen er forsterket med trapesprofiler i lengderetningen og skottplater på tvers for hver fjerde meter. Hver seksjon blir også ferdig overflatebehandlet (metallisert og malt) på Averøy. I tillegg blir også en del av rekkverket montert på.

Sammensveisingen av stålkassen startet i februar 1991 og ble ferdig i desember 1991.

Overflatebehandlingen har ligget 6 uker i etterkant av stålproduksjonen.

Montering av stålkassen starter med at den første seksjonen (12 m) monteres midt i hengespennet og så monteres 2 stk. seksjoner (36 m) vekselvis på hver side av den. Først når samtlige seksjoner er montert kan arbeidet med å sveise sammen seksjonene starte.

Stålkassene blir fraktet med lekter fra Averøy til brustedet. Lekteren blir posisjonert ved at den blir festet med vaier som går tvers over sundet, og holdes på plass sideveis med slepebåt. Oppløftingen foregår med en heisevogn plassert oppe på bærekablene. Heisevogna flyttes oppe på kabelen for hver ny seksjon som monteres. Gjernesundet er stengt for båttrafikk mens monteringen pågår.

Monteringen av stålkassen skulle starte medio januar 1992, men det ble forsinkelser på grunn av for mye vind. Først i tredje forsøk lyktes det å heise på plass den første seksjonen. Største tillatte midlere vindstyrke er satt til 10 m/s. Med

større vindstyrke er det problemer med å holde lekteren i posisjon, og opphold på catwalk er heller ikke tilrådelig. I tillegg til mye ruskevær i hele januar måned har det også vært problemer med løfteutstyret som har ført til ytterligere forsinkelser. Det er montert to seksjoner og den tredje ble montert 10. februar, monteringen er da tre uker etter planen.

Entreprenøren satser hardt på å ta inn forsinkelsen og vil kjøre med utvidet arbeidstid og arbeid i helgene for å ta inn att forsinkelsen når været tillater det. Entreprenøren satser også på å kutte ned tiden på sammensveising av seksjonene ved å drive på skift slik at hele kassen er sammensveiset innen utgangen av april måned som tidligere planlagt.

En forutsetning er imidlertid at monteringen ikke blir noe mer forsinket pga. værhindringer. I motsatt tilfelle vil en ytterligere forsinkelse med montering kunne føre til at entreprenøren får problemer med ferdigstillelse av brua til 7. august.

Einar Kåre Hovland

Miljøprioritert gjennomkjøring (MPG):

# HANDLER OM Å TENKE NYTT

Vegvesenet satser på miljøtiltak i langt større grad enn før. Dette har blant annet ført til igangsetting av 5 prøveprosjekt med miljøprioritert gjennomkjøring, eller miljøgater som det også kalles. De fem stedene er Os, Rakkestad, Stryn, Hokksund og Batnfjordsøra.

I selve begrepet *miljøprioritert gjennomkjøring* ligger at *miljø* skal tillegges stor vekt. Gata skal bli et trygt og trivelig sted å være, med plasser og rom der folk kan møtes. Miljøbegrepet spiller altså først og fremst opp mot dem som oppholder seg i/langs gata, men pene omgivelser gir også positive opplevelser for den som ferdes i bil i moderat fart. Selv om den motoriserte trafikken underlegges visse restriksjoner mhp. fart og disponibelt trafikkareal, er det viktig å huske at *gjennomkjøring* også er en del av begrepet. Trafikken skal altså reguleres, men ikke «kveles».



Midtdeler i forbindelse med gangfelt. Fartsdemper for personbiler foran gangfeltet. Busstoppet er i kjørebanelen. Bussen stopper all trafikk ved på-/avstiging. ÅDT i gata er ca. 15 000.

## Historikk

Det har vært prøvd ulike metoder for å løse konflikten mellom de ulike trafikkategoriene i byene og tettstedene de siste 30

årene. I 60-årene var politikken å «bygge bort» problemene. Da det ble klart at dette ikke nyttet, gikk man i 70-årene over til å «skilte bort» problemene. Ved inn-

gangen til 80-årene oppdaget man at skilting alene ikke var tilstrekkelig for å få tilfredsstillende forhold på eksisterende veier. 80-årenes mulighet ble altså å «humpe bort» problemene. Det var på denne tiden «strategi C» ble lansert. Dette var de første spede forsøk på det som senere er blitt kalt miljøprioritert gjennomkjøring, eller miljøgate. Det ble bare gjennomført noen få prosjekter, blant annet i Ulsteinvik og i Ålesund. På tross av de gode intensjonene, ble ikke dette noe gjennombrudd for denne måten å løse problemene på. Tiden var sannsynligvis ikke moden enda. Det ble heller ikke lagt nok kvalitet i gjennomføringen, slik at gatene fort fikk et forfallent preg. Disse første prosjektene ga oss imidlertid mange nyttige erfaringer. 90-årenes strategi, «designe bort», bygger på



Høyregulert X-kryss utformet som litt hevet 8-kantet plass.

en ny generasjon av MPG-prosjektene. Vi har innsett at det må satses på kvalitet i alle ledd fra planlegging til bygging, og at en sikrer seg at nødvendig vedlikehold vil bli utført.

## Planlegging

Miljøgater krever langt mer omfattende planlegging enn vi er vant til fra andre vegprosjekter. Dette gjelder bl.a. detaljeringsgraden, og graden av medvirkning fra de som blir berørt av tiltakene. Grunnen til at medvirkning og informasjon er så viktig, er at tiltakene medfører omfattende endringer i folks miljø, og krever endret adferd i trafikken. Det er derfor avgjørende at tiltakene blir forstått og akseptert. Planlegging av miljøgater krever også en større grad av omtanke for stedets særpreg enn vi er vant til. Gjennom en stedsanalyse prøver planleggerne å analysere stedets historie og egenart for å finne elementer å bygge på når tiltakene planlegges.

Planlegging av miljøgater krever altså at vi hever blikket ut over det egentlige vegarealet, for at vegen med omliggende bygninger, rom og plasser skal utgjøre en tiltalende helhet. I dette arbeidet er arkitekter og landskapsarkitekter nødvendige samarbeidspartnere.

## Bygging og vedlikehold

Bygging av miljøgater omfatter arbeidsoperasjoner som langt på veg er borte fra moderne vegbygging. Utstrakt bruk av belegningsstein krever mye håndarbeid. Miljøgater er derfor arbeidsintensive, og burde være interessante også ut fra et sysselsettingssynspunkt.

Siden miljøgater omfatter mer enn selve vegen, og som regel har et stort innslag

av grønt, kan sommervedlikeholdet bli både mer omfattende enn vi er vant til, og med større grad av håndarbeid. Tilsvarende kan vintervedlikeholdet av ei miljøgate kreve større innsats enn ei vanlig gate, avhengig av hvilke virkemidler som velges. Dette valget vil som nevnt variere fra sted til sted.

En av de viktigste erfaringene vi har fått fra de første spede forsøkene på MPG, er at det må tas hensyn til vedlikeholdet allerede tidlig i planleggingsfasen. Videre må det før gata opparbeides være avklart gjennom avtaler hvem som har ansvar for hva (vegvesen, kommune, private). Dårlig utførte og vedlikeholdte miljøgater vil gi gater som ikke fungerer etter intensjonene, bringe MPG som reguleringsform i miskreditt, og dermed gå ut over Vegvesenets renomme på miljøsektoren.

Det viktigste i tiden framover vil bli å samarbeide!

*Alf Idar Småge  
Trude Holter*

# Virkemidler

*Det viktigste når en skal planlegge ei miljøgate, er at en er kritisk ved valg av virkemidler. Tiltak som velges må brukes med forsiktighet, og tilpasses stedets egenart.*

*De vanligste virkemidlene ved etablering av miljøgater er:*

- *sideforskyvninger*
- *innsnevring*
- *midtdelere/øyer*
- *humper*
- *forhøyninger/nivåforskjeller*
- *rumlefelt*
- *avvikende belegg (farger, materialvalg)*
- *rundkjøringer («falske» eller ekte)*
- *beplantning (trær, busker, blomster)*
- *belysning*
- *møblering*
- *skulpturer/kunst*
- *portaler*
- *optiske virkemidler*
- *skilting*



*Innsnevring med vekslende sidehindre virker utvilsomt fartsdempende, men ødelegger gaterommet og gir et rotete inntrykk.*

# Lederopplæring i biltilsynet



*Kjell Dahle, Molde (t.v.),  
Bjørn Welle, Ålesund og  
Harald Heggstad, Ørsta,  
i en hyggelig samtale.*

Stasjonssjefer/seksjonsledere i biltilsynet har i de senere år vært et noe forsømt ledd med hensyn til lederopplæring i Vegvesenet.

Den desentraliserte organiseringen av biltilsynets virksomhet vil dog tilsi nødvendigheten av en sterk ledelsesfunksjon ved stasjonene.

Innføring av mål- og resultatstyring i etaten vil ytterligere bidra til å understreke

behovet for ivaretagelse av ledelsesfunksjonen ved stasjonene. En svak ledelsesfunksjon vil lett kunne bidra til en manglende realisering av intensjonene med mål-/resultatstyring.

I lys av ovennevnte ble det i 1990 nedsatt en regional arbeidsgruppe innen biltilsynet i Midt-Norge for bl.a. å utrede et opplegg innen lederopplæring for stasjonssjefer/seksjonsledere.

Gruppens arbeid resul-

terte i en skisse over et sektorsert lederopplæringsprogram.

Med bakgrunn i ovennevnte skisse ble det høsten 1991, nærmere bestemt i perioden 16.-18. oktober, gjennomført en første samling i lederopplæringsprogrammet. Andre samling ble gjennomført i Ålesund i perioden 5.-7. februar 1992.

Et sentralt aspekt i opplæringsprogrammet er utvik-

ling/bevisstgjøring av en felles «plattform» for det lederskap som skal utøves innen biltilsynet på fylkesplan.

Den praktiske gjennomføringen av opplegget skjer ved hjelp av eksterne konsulent - Vilbjørn Lyche-Nordli - fra Statskonsult.

Vi kan også nevne at vi har søkt Vegdirektoratet om økonomisk støtte til gjennomføring av en tredje samling.

*Arne Sæther*

## Drifts- konfe- ranse 8.-9. april 1992

Programkomitéen for driftskonferansen i Møre og Romsdal har bestemt at konferansen i år skal leggjast til Rica Hotel, Kristiansund, 8.-9. april 1992.

I motsetning til tidligere år har programkomitéen i år valgt å konsentrere konferansen om eit hovudtema - MILJØ.

Det er lagt opp til fellessamling første dag, der representanter både frå Vegdirektoratet og etaten lokalt vil ta opp ulike sider ved miljøaspektet.

Det er vidare lagt opp til befarung på KRIFAST-anlegget første dag.

Andre dag av konferansen vil det i tillegg til eit par fellessamlingar, bli avdelingsvise temabolkar, der anlegg og vedlikehald blir delt. Vi vonar med dette at alle skal få maksimalt utbytte av konferansen.

Innbyding med endeleg program vil bli sendt ut med det første. Velkommen til konferansen, og til Kristiansund!

*For programkomitéen  
Berit Brendskag Lied*

## Førerprøver - på data

Ved Biltilsynet Ålesund ønsker vi å få igang en prøveordning med å benytte datamaskiner ved de praktiske førerprøvene for klasse B. Våren 1991 innførte biltilsynet over hele landet det vi kaller systematiserte praktiske førerprøver. Kort fortalt går dette ut på at prøvene kjøres etter faste ruter og at elevenes prestasjoner evalueres etter bestemte kriterier.

For å gjennomføre dette blir det for hver elev utfyllt et evalueringsskjema. Dette er et standardisert formular og i vårt fylke blir dette utskrevet på en printer fra vår lokale database. Utskriftsrapporten til dette er utarbeidet ved Biltilsynet Ålesund i samarbeid med Vegdirektoratet.

Kjørerutene er tegnet på forhånd og er innlagt i spesielle foldere etter et visst system. Evalueringsskjemaet plasseres i samme folder og evalueringen skjer ved tallkarakterer fra 1-3, disse noteres på skjemaet etter hvert som det kjøres gjennom ruten. Ved prøvens slutt summeres tallene og etter visse kriterier kommer man frem til resultatet.



Ved Biltilsynet Sør-Trøndelag er det utviklet dataprogram som håndterer den prosessen som foregår i skolevogna.

Hver sensor trenger da en liten bærbar PC hvor kjørerutene er innlagt på forhånd.

For hver dag laster man inn nødvendige opplysninger om eleven som skal opp til prøve denne dagen. Det blir da unødvendig å skrive ut evalueringsskjema for eleven. Under prøven følger man den valgte rute som trinn for trinn vil bli vist på skjermen. Karakterene fra 1 til 3 og enkelte forhåndsinnlagte kommentarer kan anmerkes etter hvert. Etter fullført prøve vil maskinen summere det hele og sensor legger inn bestått eller ikke bestått. Ved hjelp av en liten printer kan man kjøre ut en evalueringsseddel til eleven. Når dagens prøver er avviklet koples den bærbare maskinen til en vanlig PC og resultatene fra prøvene overføres til databasen. Med dette vil vi oppnå bedre statistikkmateriale enn i dag, og spare en del arbeidsoperasjoner. For å komme igang med prøveordning trenger vi en del utstyr, og det vil bli søkt Vegdirektoratet om økonomisk støtte. Vi håper på positiv reaksjon i direktoratet og håper å komme igang til våren.

Dersom dette lykkes vil vi senere på året komme tilbake og fortelle om våre erfaringer.

*Palmar Hurlen*



## Prioriterte utekontrollen

Utekontroll har vært prioritert i 1991 - særlig av tunge kjøretøy. Totalt er det kontrollert 21 300 kjøretøy ved utekontroller i 1991 - 17 900 i 1990. Dessuten har det vært gjennomført 5000 avgasskontroller.

Antall avgasskontroller vil øke til minst 8000 i 1992. Dessuten vil biltilsynet prioritere kontroll av tunge kjøretøy, lette motorsyklar og mopeder. Biltilsynet, brukskontrollen, har gjennomført vel 9350 vektkontroller i 1991 - 9200 i 1990. Antall gebyr er omtrent det samme som tidligere år, men gjennomsnittsgebyrene har gått ned fra kr 5000,- til kr 3500,-. Bare 1,3 % av de kontrollerte bilene hadde overlast.

Antall kontroller med kjøre- og hviletidsbestemmelsene har økt fra 800 til 1100. Det ble registrert 233 overtredelser. 36 så alvorlige at det førte til anmeldelser.

Kontroll av nevnte bestemmelser, transport av farlig gods og sikring av last, vil bli prioritert i 1992.

Antall førerprøver på knapt 6500 er som året før, mens det er nedgang i registrering av biler og fornyelse av førerkort.

# Første «ADR-sjåførar» i fylket

Sju yrkessjåførar frå Møre og Romsdal fekk i februar kompetansebevis ADR for transport av farleg gods. Det kunne dei gjere etter å ha gått gjennom obligatorisk undervisning og opplæring, og etter å ha klart den teoretiske prøva.

Biltilsynsstasjonen i Molde var den første av dei fem stasjonane i fylket som avvikla den første prøva. Kompetansebeviset gjeld for fem år, og dei sju sjåførane er dermed dei første frå si yrkesgruppe i Møre og Romsdal som no har slikt kompetansebevis.

Sensor Jostein Engen ved Biltilsynet Molde, seier

at i eit samfunn vil krav til nye forordningar og forskrifter verte reiste med jamne mellomrom. - Ei slik forskrift er «Forskrift om landtransport av farleg gods» som tok til å gjelde frå 1. januar 1990, fortel Engen. Han legg til at forskriftane vil ha til følge at all transport skal gå føre seg i samsvar med den internasjonale avtalen om ADR.

- Eit ledd i avtalen er at førar skal ha gjennomgått godkjent opplæring og ha stått til den teoretiske prøva, og at undervisningsopplegget skal vere godkjent etter den såkalla normalplana. Før kandidatane møter til eksamen ved biltilsynet, skal dei ha gjennomført førehandsopplæring i regi av Norges Lastebileierforbund.

Kandidaten skal ha gått gjennom brannsløkkings-teori og delteke i brannøving. Den teoretiske prøva, som kandidaten må bestå, inneheld 20 spørsmål. Av desse må 11 vere heilt rett, fortel Jostein Engen.

Jostein Engen seier til slutt at det frå 1. januar i år, med nasjonalt unntak til 1. juli, vart stilt strengare krav til transport av sprengstoff.

- Det er rekna med at krava i tida framover vil verte utvida, slik at det frå 1995 vil gjelde for all transport av farleg gods, seier Engen.



*Kandidater og sensor samla etter prøven. Frå venstre Terje Skjeggstad, Jan Kåre Oterhals, Håkon Jensen, Ragnvald Hermansen, Kåre Olav Monstad, Svein Ulvestad, Tormod Brun, Peder Stavik og sensor Jostein Engen.*

## 11 800 METER KABEL

Innen dataverden går utviklingen raskt. Nye teknologiske framsteg har ført til at sprednettet for dataoverføring, installert i forbindelse med ombyggingen av vegkontoret i 1985, ikke lenger holder mål når etaten snart skal ta i bruk mere moderne datautstyr. I løpet av januar har TBK derfor vært i sving med å strekke nye kabler som har større kapasitet og høyere overføringshastighet til samtlige arbeidsplasser. I alt er ca. 11 800 meter kabel gått med.

*EDB-ansvarlig Harald Oterhals forteller at TBK sine folk har strukket 11 800 meter kabel.*



# VALSØYFJORD- PROSJEKTET

## Hestnes-Kjøløya-Valsøya-Stokke



Det er snart 50 år siden forslaget om veg- og brusamband over Valsøya ble lansert første gang. Det var Statens vegvesen, som i forbindelse med arbeidet med stamveg mellom Molde og Trondheim, foreslo innkorting av riksveg 71 i Halså kommune.

Under arbeidet med reguleringa av kommunegrensene på 60-tallet og overføring av Innlandet krets fra Aure til Halså, ble vegprosjektet tatt opp på nytt.

I 1971 fulgte fylkestinget i Møre og Romsdal opp Vegvesenets forslag, og gikk inn for at stamvegen mellom Molde - Kristiansund - Trondheim skulle gå gjennom Halså med innkorting av riksveg 71 med veg- og brufordbelse over Valsøya.

Hovedplanen for Valsøyfjordprosjektet ble lagt fram i 1977. I 1984 ble første byggetrinn til Valsøya godkjent etter en indre linje fra Hestnes. Fylkesvegen fra Hestnes over Kjøløya til Valsøya ble offisielt åpnet 24. oktober 1986. Vegåpninga ga fastlandsforbelse for de 12 fastboende på Valsøya.

Andre etappe på arbeidet med veg- og brufordbelsen over Valsøya startet i juli 1991.




**Statens vegvesen**  
Møre og Romsdal

Åpnes 2. juli 1993

# BETYDNINGEN

- Unngår rasfarlig strekning mellom Fjærli og Valsøybotn
- Legger riksveg 71 utenom fire tunneler med for lav høyde
- Fører til at strekningen fra bomstasjonen på KRIFAST (Bergsøya) over Betna og Kyrkseterøra til Trondheim kortes inn med 14 kilometer og blir 19 km kortere enn om en kjører riksveg 65 over Surnadal og Rindal
- Korter inn skolevegen til Enge med 14 kilometer
- Knytter Innlandet skolekrets til de to kommunesentrene
- Kortere veg til butikk, bank, lege og offentlige etater
- Er energibesparende
- Bedrer kontakten mellom utkantene og sentrumsområdene i Halsa kommune
- Leder gjennomgangstrafikken utenom tettstedene og randbebyggelsen rundt Valsøyfjorden




# ANLEGGSDRIFTA

I framdriftsplanen er det tatt sikte på at veg- og brusambandet over Valsøya kan åpnes for trafikk 2. juli 1993.

Prosjektet er inndelt i 4 arbeidsavsnitt:

1. Hestnes - Hestholmen	1 750 m
2. Hestholmen - Stokksundet	1 170 m
3. Stokksundbrua	380 m
4. Stokksundet - Stokke	650 m




Valsøyfjordprosjektet fra Hestnes over Kjøløya og Valsøya til Stokke er på 4,0 kilometer. Av dette gjelder 1 200 meter utbedring av eksisterende fylkesveg, hvor blant annet Hestnessundbrua og Valsøysundbrua utvides fra ett til to kjørefelt.

Arbeidet på vegprosjektet start 1. juli 1991 med utdyping av seilløpet under Stokksundbrua. Vegbyggingen begynte med skogsrydding 20. september. De første spadetak på vegen over Lerviklandet ble tatt 1. oktober 1991. Over 100 000 kubikkmeter fjellmasse og 40 000 kubikkmeter jord og leire må flyttes. Statens vegvesen Møre og Romsdal sitt mobile knuseverk, "Knusaren", skal produsere all nødvendig vegmasse. Produksjonsstedet blir ved Hestholmen. Asfalt legges i juni 1993 på hele anleggsparsellen.

# VEGSTANDARDEN

Vegen er planlagt som avkjørselsregulert hovedveg med total vegbredde 7,5 m, 6 m kjørebane og 0,75 m skulder på hver side. I tillegg kommer breddeutvidelse i kurver og for rekkverksrom der det er nødvendig.

Stokksundbrua bygges med ensidig gangbane på 2 m, og eksisterende bruer utvides med fortau.




Vegen er dimensjonert for 10 tonns helårsbæreevne. Dimensjonerende fart er 75 km/t.

# VEGLINJA

Eksisterende riksveg 71 rundt Valsøyfjord vil bli knyttet til ny riksveg i T-kryss ved Hestnes og ved Stokke. Den nye vegen går i naturskjønne omgivelser. Over Valsøya vil vegen ligge i bakkant av dyrka mark, men andre deler av vegen blir liggende delvis i høy tosidig fjellskjæring gjennom skogsterreng. Fram til brufestet vil vegen bli liggende på fylling med opptil 12 meters høyde. På Stokkesida ligger brufestet nært inn mot eksisterende terreng. Her går veglinja over dyrka mark.

# STOKKSUNDBRUA




Stokksundbrua bygges som frittframbygg bru i betong. Brua blir 380 m lang. Seilingshøyden blir 24 meter og seilingsbredden 60 meter. Seilløpet er utdypet til 6 meter på lavvann. Det er utsprengt 10 000 kubikkmeter fjell og utgravd 15 000 kubikkmeter leire.

Brua fundamenteres direkte på fjell. Den vil få en total bredde på 9,64 meter, med 6,0 meter kjørebane og 2,0 meter ensidig gangbane.

Arbeidet startet 7. januar 1992. Stokksundbrua skal være ferdig i juni 1993 og vil koste 37 millioner 1991-kroner.

# TRAFIKKTALLENE

Trafikkmengden blir regnet som gjennomsnitt antall kjøretøyer pr. døgn over året - årsdøgntrafikk/ÅDT.



For 1989 foreligger følgende trafikk tall:

Riksveg 71 Liabø - Valsøybotn	450 kj.t
Riksveg 71 Valsøybotn - Sør-Trøndelag grense	300 kj.t

Det er ventet at riksveg 71 vil få overført en større del av trafikken mellom Møre og Romsdal og Trøndelagsfylkene etter at Valsøyfjordprosjektet og KRIFAST er åpnet. Men selv med betydelige utbedringsarbeider på riksveg 71, ventes ikke framtidig trafikkmengde å bli mer enn maks 1 000 ÅDT.

## KOSTNADENE

Kostnadene for hvert arbeidsavsnitt er beregnet til:

1. Hestnes - Hestholmen	8,6 mill. kr
2. Hestholmen - Stokksundet	9,2 mill. kr
3. Stokksundbrua (inkl. mudring)	40,6 mill. kr
4. Stokksundet - Stokke	6,6 mill. kr
Sum 1991-kroner	65,0 mill. kr



Prosjektet er ikke bompengefinansiert.

<b>Byggherre:</b>	Statens vegvesen Møre og Romsdal Fylkeshuset 6400 MOLDE Tlf. (072) 58 000
<b>Prosjektledelse:</b>	Prosjektleder Oddbjørn Pladsen Oppsynsmann veg, Ole Reiten Kontrollingeniør Stokksundbrua, Jon Hasselø
<b>Entreprenør:</b>	Så langt er: Eeg-Henriksen Anlegg A/S engasjert til bygging av Stokksundbrua, Ivar Sjøholm Maskinstasjon til planering av veger på Valsøya og Vest Undervannsteknikk A/S er engasjert til mudring ved Stokksundbrua
<b>Antall ansatte:</b>	Største bemanning vil være på omlag 50 personer
<b>Anleggskontor:</b>	På Leirviklandet, Stokke Tlf. (073) 35 463 Telefax (073) 35 464



**Statens vegvesen**  
Møre og Romsdal

februar 1992

# **Orkan- døgnet** (sidene 23-26)



**Frå Grytestranda**

(Foto: Gudrun Longva, Haramsnytt)

# Ublide vergudar kosta oss 37 millionar kroner

**Først kom stormen. Så kom flaumen. Dei første dagane i årets første måned påførte vegnettet i fylket og maskiner og bygningar skadar for nesten 37 millionar kroner.**

Uveret som herja på Nord-vestlandet 1. nyårsdag og flaumen som feide over oss 10 dagar seinare, vert sagt å ha vore det verste uveret i manns minne. Vergudane var så visst ikkje på vår side, då dei tok laust. Alt som var i orkanens veg, vart nærast knust til pinneved. Flaumen seinare påførte og vegnettet relativt store skadar.

Orkanen 1. nyårsdag herja verst med viktige vegsamband som Grytastranda på fylkesveg 146, Voksa-Sandøy på fylkesveg 6, riksveg 67 Atlanterhavsvegen og Kulisvaet riksveg 669 Edøy-Smøla. Fleire av dei store innfartsvegane fekk skadar. Utvasking av veg-

bane og plastring, rotvelt og tre som velta og stengde vegane, knuste campingvognar og bilar som lå under velta tre, ferjekaier som vart knuste av vind og kjempelølger, brystvern som vart undergravd på korte og lengre strekningar var hovudskadane på vegnettet i Møre og Romsdal.

Den største enkeltskade fekk Bøfjordbrua. Brua vart pårent av ei frakteskute som sleit seg i orkanbygene. Samanstøtet var så kraftig, at om lag halve brua forsvant i sjøen. Ferjekaiene på Aursnes og Halså fekk skadar for fleire millionar kroner.

I første omgang trudde ingen at skadane på vegnettet var store. Etter kvart som veret la seg og vi fekk sett nærare på vegnettet, syntet det seg at skadane etter orkanen var langt større enn vi først trudde, fortel vegmeister Kolbjørn Engen ved Molde vegstasjon.

Overingeniør Roald Småge ved vegkontoret hadde beredskapsvakt då uveret herja. Han fortel at den viktigaste oppgåva han hadde var å ta imot informasjon utanfrå og formidle beskjedane vidare til media.

Det var vanskeleg å få tilfredsstillande kommunikasjon, men eg trur likevel pub-

likum fekk god nok informasjon om stoda på vegnettet, seier Småge.

Både Roald Småge og vegmeistrane seier seg vel nøgd med at vegbrukarane og publikum var flinke til å melde frå om rotvelt og andre skadar som førte til at vegane ikkje var farbare.

Vegsjef Eivind Vollset berømmer innsatsen til Vegvesenet sine tilsatte. Alle gjorde kva dei kunne for at vegane skulle verte kjørbare så raskt som mogleg. Men utan god hjelp frå dei gardbrukarane, som stilte opp med traktorane sine, ville nok oppryddingsarbeidet tatt noko lengre tid.

## Omfattande skadar

Skadane på vegnettet etter orkanen 1. januar og flaumen 10. og 11. januar, var meir omfattande enn kva ein først trudde. Medan orkanen herja over heile fylket, var det vegnettet i vedlikehaldsområde til vegstasjonane på Gurskøy og Ørsta som fekk dei største flaumskadane. Skadane fordeler seg slik:

### ORKANSKADAR:

På riksvegane .....	13,31	mill. kr
På fylkesvegane .....	19,26	« «
På bygningane .....	1,30	« «
På maskiner og brakker .....	1,20	« «
Sum .....	<u>34,07</u>	mill. kr

### FLAUMSKADAR:

På riksvegane .....	0,705	mill. kr
På fylkesvegane .....	1,010	« «
Sum .....	<u>1,715</u>	mill. kr

### DEI STØRSTE

### ENKELTSKADANE:

Ny Bøfjord bru .....	11,00	mill. kr
Grytastranda .....	3,30	mill. kr
Halså ferjekai .....	2,50	mill. kr
Atlanterhavsvegen .....	1,20	mill. kr
Aursnes ferjekai .....	1,00	mill. kr
Kulisvaet (Edøy-Smøla) .....	0,80	mill. kr
Voksa-Sandsøy .....	0,55	mill. kr

# Berga livet på do

**Bomvakt på Atlanterhavsvegen John Arne Selnak berga livet på do, då orkanen feide inn over land på årets første dag. Han var bare en av dei mange som fekk orkanen tett inn på livet.**

I eit inferno av sjøsprøyt, stein, grus og buldrande orkanbyger kjempa den tidlegare sjømannen for livet. Då det sto på som verst, søkte han ly under bordet i billett-bua. Men uveret ga seg ikkje, og til Romsdals Budstikke kunne han fortelje to dagar seinare at for å berge livet såg han ikkje anna utveg enn å kome seg i ly på publikumstoalettet. Då hadde orkanbygene og sjøsprøyten kasta stein gjennom rutene og veggane i bua gjekk inn og ut som ein blåsebelg.

Etter to timar i det vesle dorommet, var vinden stilna så pass mykje at han vågde seg ut. I dei sterke vindbyg-

ene og medan sjøen slo langt inn over land, starta han oppryddingsarbeidet og arbeidet med å berge det som var att på bomstasjonen. Ein gong heldt det på å gå gale. Ei ny, kraftig byge tok fatt i han og han heldt på å ende i sjøen. Men det gjekk godt.

Først ved 18-tida orkan-dagen reiste han heim. - Då var eg så våt og kald at eg ikkje hadde anna å gjere. Eg har vore til sjøs i 13 år, men aldri har eg vore så usikker på sjansen for å overleve som eg var 1. januar 1992, fortel familiefaren og den tidlegare sjømannen John Arne Selnak.



*Bomvakta på Atlanterhavsvegen, John Arne Selnak, stengde seg inne på publikumstoalettet, då orkanen rasa som verst. Det berga han livet på.*

*(Foto: Romsdals Budstikke)*





Einar Kvalvåg (t.h.), Odd Einar Risan, Marvin Soleimdal og Kjell Dahl var i gang med å rydde vegen rundt Osen dagen etter orkanherjingane. (Foto: Romsdals Budstikke.)



Rotvelt stengde fleire vegstrekningar og tre knuste bilar. (Foto: Romsdals Budstikke.)



Skadane på Atlanterhavsvegen er kostnadsrekna til 1,2 millionar kroner. Vegmeister Harald Dragset og Magne Veiset likte ikkje skadane orkanen la etter seg. (Foto: Tidens Krav.)



På Skålavegen feide sjøen med seg autovernet. (Foto: Romsdals Budstikke.)



Ferjekaia i Molde såg ut som ein krigsarena. Stein og autovern lå strødd utover vegbanane. (Foto: Romsdals Budstikke.)



Ei rekkje bygningar fekk skadar etter orkanen. Lagerhallen på Frei vegstasjon vart flerra. (Foto: Marie Rødsand.)



Bølandet mista fastlandsforbindelsen då ei frakteskute sleit fortøyningane og knuste Bøfjordbrua. (Foto: Wiggo Kanck.)

# Gjennomføring av NVVP 1990-93 i anleggsdrifta

Vi har no fått ramme for investering på riksveganlegg for 1993 som er siste året i inneverande vegplanperiode. Vi har også laga forslag til deling av ramma på enkeltprosjekt og sendt forslaget til Vegdirektoratet slik rutinen er. Dermed er det tid for å gjere opp førebels status med omsyn til om vi når dei måla for vegbygginga som vi sette oss for vegplanperioden.

Ser vi på løyvingane skulle vi etter ramma for vegplanen få 858,2 mill. kr. Vi får 1053,4 mill. kr, altså ein auke på 195,2 mill. kr (1993).

Etter dette trur ein kanskje at alt er herlegdom og glede, men det avheng av auga som ser.

Auken har gått til prosjekt utanom vegplanen samtidig som desse prosjekta og har «tært» litt på opphavleg ramme.

## Nye prosjekt er:

E 69	Innfjordtunnelen, omfattande planendring og kostnadsauke .....	75 mill. kr
E 69	Måndalstunnelen .....	62 mill. kr
Rv 58	Oppskredfonna-Eide bru .....	11 mill. kr
Rv 71	Veg og bru Valsøya .....	66 mill. kr
Rv 66	MPG Batnfjordsøra .....	5 mill. kr

## Prosjekt i vegplanen som ikkje blir starta i perioden er:

E 69	..... Håhjem-Valle
Rv 14	..... Søre Vartdal-Bergehalsen
Rv 14	..... Parsell v/Kile
Rv 65	..... Halså ferjekai
Rv 67	..... Sylte bru m/veg og Nås bru m/veg
Rv 61	..... Årvik ferjekai
Fv 195/411	..... Buvik-Horsgård refusjon
E 69	..... Svorta-Digernes blir starta, ikkje fullført

Til saman er desse prosjekta ført opp i vegplanen med investering 47,7 mill. kr (1993 kr).

Vi må og vere merksam på at i perioden som er gått sia vi gjorde vegplanarbeidet er det utarbeidd detaljplan for eit par av prosjekta som viser stor auke i kostnad.

I gang-/sykkelvegbygging og diverse andre trafikk-sikringstiltak er enkelte ting kome i tillegg, andre gått ut.

*Kjell Loen*



*Investeringane til riksveganlegg i 1992 har ei ramme på 260,4 mill. kr.*

# Anleggsdrift riksvegar 1992

**Investeringane til riksveganlegg i fylket i 1992 er vedteke i Stortinget med ei ramme på 260,4 mill. kr. I tillegg kjem bompengar/lån/forskott i samband med Krifast og Hamnegata i Volda, til saman stipulert til 253 mill. kr. Delinga på prosjekt ser slik ut i hovudtrekk:**

## **E69 Måndalen-Våge – 27,7 mill. kr**

Det skal byggjast ein nær 2,1 km lang tunnel forbi rasfarleg parti. Tunnelen blir driven i eigen regi og boringa starta 16. januar. Gjennomslag pårekna i september 1992 og opning våren 1993. Tunnelmassen blir lagt ut som fylling i samband med framtidig bru over Tresfjorden. Kostnad rekna til 60 mill. kr.



## **Rv 14 Folkestad ferjekai – 5,5 mill. kr**

Det skal byggjast ny ferjekai litt til side for den eksisterande og fyllingsarbeidet vart for det meste utført før jul 1991. Arbeidet med sjølve kaia vil pågå i perioden april-desember 1992.

## **Rv 58 Oppskredfonna-Øvstelia – 10,0 mill. kr**

Denne løyvinga er rett nok ikkje del av 1992-budsjettet i det 5 mill. kr var løyvd som sysselsetjingsmidlar mot slutten av 1991 og 5 mill. kr kan i tillegg nyttast mot løyving i 1993. Arbeidet omfattar ny Eide bru og elles start på utbetring av den 7,7 km lange grusvegparsellen som står att.

## **Rv 60 Magerholm ferjekai – 5,0 mill. kr**

Planen omfattar både ny ferjekai og landareal. Kaia skal flyttast ein del og oppstillingsplass og vegtilkomst blir heilt endra. Arbeidet startar med landarealet og blir fullført i 1993 til samla kostnad rundt 14 mill. kr.



## **Rv 60 Aursnes ferjekai – 5,5 mill. kr**

Her skal og byggjast ny ferjekai litt til side for eksisterande som også skal bestå.

Bakgrunnen for nye ferjekaier i sambandet Magerholm-Aursnes er behovet for å nytte større ferje (110 pbe). Byggeperiode mars-desember 1992.

## **Rv 62 Kjelbotn-Remmen – 7,0 mill. kr**

Den 4,5 km lange parsellen skal fullførast til ferien (juli 1992). I tillegg til riksvegen er det og opparbeidd 1,6 km sidevegar. Attstående arbeid er for det meste forsterkningslag, bærelag, dekke, rekkverk og ein del planering.

## **Rv 64 Åndalsnes-Stein – 3,0 mill. kr**

Den 4,4 km lange parsellen vart opna for trafikk i juli 1991. Det står att å fullføre om lag 1,4 km gangveg i Nesstranda, planting i og ved rundkøyringa i Neshagen og litt etterarbeid i Nebbatunnelen.

## **Rv 71 Veg og bru Valsøya – 31,7 mill. kr**

Arbeidet med prosjektet starta sommaren 1991 med sprengning og utlasting av masse for å lage djupare seglløp i Stokksundet. Vegarbeidet vart starta på seinhausten 1991 både på Valsøya og ved Stokke på fastlandet. Arbeidet med den 380 m lange betongbrua over Stokksundet blir utført i entrepris av firma Eeg-Henriksen for anbudssum 26,1 mill. kr. Vegopning juli 1993 som medfører at riksveg 71 blir innkorta med 14 km ved at den ikkje går rundt Valsøyfjorden.



## **Rv 661 Fiksdal-Tomra – 9,0 mill. kr**

Det står att å utbetre om lag 2,5 km av denne parsellen mellom Fiksdal bru og Juvika. Foresetnaden er å fullføre arbeidet i år. Utbetringa medfører berre minimal endring av eksisterande trasé.


## **Rv 680 Linvågen-Leira – 8,0 mill. kr**

Arbeidet gjeld ombygging av siste grusvegparsellen på Tustna, 4,1 km lang. Arbeidet blei starta mot slutten av 1991

og fullføring er påreknna hausten 1993. I traséen er det fortidsminne som betyr utgraving til stipulert kostnad om lag 1 mill. kr. Utgravinga vil skje i sommar.

#### KRIFAST - 106,0 mill. kr

I tillegg til løyving frå staten blir det nytta forskott- og bompengemidlar rekna til 251 mill. kr. Arbeidet på vegar, hengebru, flytebru og tunnel går mot ein hektisk innspurt fram mot opningsdato 20. august.



#### Fv 195/411 Buvik-Horsgård – 5,5 mill. kr

Denne fylkesvegen har tilskott frå staten. Parsellen som no er grusveg vil bli fullført med rekkverk, berelag, dekke og pussarbeid.

#### Til gang-/sykkelvegar, miljøtiltak, service, kollektivtrafikk er løyvd 25,5 mill. kr.

Aktuelle gangvegar er:

Rv 16	Tingvoll
Rv 60	Ullavika i Sykkylven
Rv 64	Nesstranda i Rauma, Vågsetra i Molde
Rv 66	Bolga/Sødalen i Frei

#### Til planlegging og disposisjon: 11,0 mill. kr

*Kjell Loen*

## LØYVING TIL FYLKESVEGANLEGG 1992

Deling av løyving til fylkesveganlegg 1992 vart vedteke i fylkestinget i desember 1991.

Fylket løyver 25,0 mill. kr og det er gitt statstilskott på 9,1 mill. kr til forsterkning og 2,6 mill. kr til store prosjekt (rassikring). Etter søknad kan det og bli gitt statstilskott til distriktsutbygging der vi har søkt om 3,3 mill. kr.

Med atterhald om endringar i samband med søknaden om distriktsutbygging er bruttoløyvinga:

#### Til forsterkning:

Fv 146	Slyngstad-Skjelten (v/Søvik)	7,6 mill. kr
Fv 195	Tjelle-Buvik	7,0 mill. kr
Fv 322	Melhus-Todal	4,0 mill. kr
Fv 344	Høgholt-Fredriksli	2,4 mill. kr
Fv 401	Fridtjov Nansensgt.-Bjørset	2,4 mill. kr

#### Til utbetring/ombygging:

Fv 02	Krokvik-Sandvik	3,0 mill. kr
Fv 110	Digernes-Skodje/Ålesund	1,4 mill. kr
Fv 216	Småge ferjekai	1,4 mill. kr
Fv 405	Godtfred Lies pl.-Eikremsmyra	1,0 mill. kr
Til store prosjekt (rassikring)		5,2 mill. kr

I tillegg er det frå fylket avsett 4,6 mill. kr til Aksjon skoleveg, handikaptiltak, anlegg med 50 % komunedel, handlingsplan for trafikktryggleik og diverse.

*Kjell Loen*

## DEKKELEGGINGSPROGRAMMET FOR 1992

På riks- og fylkesveger skal det i 1992 legges totalt ca. 221 000 tonn asfalt. Dette fordeler seg slik:

	Vedlikehold	Anlegg
Riksveger	119 000 t	46 000 t
Fylkesveger	39 000 t	17 000 t

I tillegg kommer ca. 30 000 tonn asfalt på Krifastanlegget.

Kontraktene fordeler seg slik:

Egenregi (Geitvika)	100 000 t
Veidekke asfalt (Skorgen)	36 000 t
Veidekke asfalt (Raudsand)	44 000 t
Anbudskontrakt (Ålesund)	11 000 t
Anbudskontrakt (Krifast)	30 000 t

Utenom anlegg er de lengste dekkefornyingsparsellene disse:

Strekning	Lengde	Kostnad
E69 Ørskogfjellet-Sjøholt	13,2 km	4,8 mill.
E69 Moa-Lerstad	3,3 km	2,0 mill.
Rv 14 Ose-Egset	5,5 km	2,2 mill.
Rv 58 Liabygda-Rødset bru	6,0 km	1,8 mill.
Rv 651 Grevsnes-Hunnes	8,1 km	1,9 mill.
Rv 658 Ålesundstunnelene	8,1 km	3,1 mill.
Rv 661 Vistdalsheia	8,3 km	2,3 mill.
Rv 666 Toven-Gjemnes grense	6,5 km	1,5 mill.
Fv 02 Fiskå-Krokvik	5,7 km	1,3 mill.
Fv 55 Høge bru-Kolås	5,0 km	1,2 mill.
Fv 145 Os-Skår	7,1 km	1,1 mill.

På grunn av omdisponering av midler som følge av omfattende skader etter orkanen 1. nyttårsdag har vi foreløpig redusert summene til dekkelegging med 2,0 mill. på riksveg og 2,8 mill. på fylkesveg.

*Roald Småge*



# NY VEGBYGGINGSNORMAL

I forbindelse med de nye vegnormalenes ikrafttreden er det avviklet informasjonskurs rundt i fylket, ialt 5, hvor de viktigste endringene er presentert. Deltakere ved kursene har vært oppsyn fra anleggs- og vedlikeholdsavdelinga og laboratoriet, vegmestre samt ingeniører fra de nevnte avdelinger og fra planavdelinga.

I tillegg var alle kommuner invitert til å delta samt entreprenørbransjen. Fra kommunene var frammøtet noe varierende. 18 av de 38 kommunene i fylket var representert. Interessen fra entreprenørbransjen for kursene var beklageligvis svært liten.

Den nye normalen skal gjelde fra 1. januar 1992. Vegbyggingsnormalen, håndbok 018 er nå revidert og kommet i ny utgave.

Foruten en del endringer som går på krav og utførelser er og normalen noe annerledes i oppbygging og innhold enn den tidligere utgaven fra 1980. De viktigste generelle endringer er som følger:

1. Sterkere fokusering på forpliktelser mot trafikanter, nærmiljø og anleggsdriften.
2. Sterkere fokusering på kvalitetssikring, tiltak og virkemidler.
3. Påpeking av bruk av konsekvensanalyser ved valg mellom alternative løsninger og metoder der også hensyn til sikkerhet og miljø trekkes inn.

4. Klarere kravspesifikasjon og regler for avviksbehandling.
5. Presentasjon av alternative løsninger i forhold til hovedmålene framkommelighet, trafikksikkerhet, miljø, publikumsservice og økonomi.
6. Endrede dimensjoneringsforutsetninger for vegoverbygningen.
7. Skjerpet krav til jevnhet i de enkelte lag i vegfundamentet.
8. Introduksjon av nye materialer/konstruksjoner f.eks. miljøvennlige dekketyper.

Vegtunneler får en betydelig utvidelse når det gjelder normalstoffet og vil komme som egen normal, håndbok 021 Vegtunneler.

Generelt er de nye vegbyggingsnormalene noe begrenset i stoff i forhold til de tidligere normaler. Innholdsmessig begrenser stoffet seg til å ta for seg det som er normalstoff. Stoff av mere beskrivende og forklarende karakter er tatt ut. Det som er tatt ut dekkes dels av andre håndbøker eller vil bli dekket av veiledninger som vil bli utarbeidet som supplement til de enkelte kapitler.

Vegbyggingsnormalen, håndbok 018, som sikkert vil bli en bestselger blant håndbøkene, som den gamle har vært, kan bestilles hos Vegdirektoratets håndboksekretariat til en pris av ca. kr 100,-.

*Gunnar Flemmen*



*Deltakere ved ett av informasjonskursene i Molde 23. og 24. januar.*

# FØRSTE SALVE

